Jan Magnus Ose

Fra: Ole-Jakob Sande <ojs@nve.no>
Sendt: måndag 1. juli 2019 09:37
Til: Jan Magnus Ose
Kopi: Hareid kommune; Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Emne: NVE sitt svar til utvida varsel om oppstart av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune

Vi viser til brev datert 05.06.2019 som gjeld varsel om utvida planområde for detaljregulering for Brekkane.

NVE har ikkje innspel til planarbeidet utover dei innspela vi ga i brev datert 15.02.2019.

Med helsing

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30
E-post: ojs@nve.no
Web: www.nve.no

NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Per Mulvik A/S
Holmen 7
6100 VOLDA

Vår dato: 15.02.2019
Vår ref.: 201900675-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 15.01.2019
Dykkar ref.: planID 1517-20180002 Jan Magnus Ose

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering av GBnr 41/42 i Hareid kommune

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 15.01.2019.

Føremålet med planarbeidet er å utvikle eit sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande og konsentrert småhusbusetnad. I tillegg ønskjer kommunen at det vert lagt til rette for ny vegforbindelse mellom Drammensvegen i aust og Reiten i vest.

Vi vil gi ros for eit grundig oppstartsvarsel der det blir gjort greie for kva vurderingar som er gjort for planarbeidet.

Om NVE sine oppgåver og sektorinteresser
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- NVE sine karttenester viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- NVE si sjekkliste for reguleringsplan kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Kartlegg om arealet er utsett for reell naturfare
NGU sitt lausmassekart syner at grunnen i området består av marine strandavsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må vere eit tema i ROS analysen. Vi rår til at prosedyren i NVE rettleiar 7/2014 *«Sikkerhet mot kvikkleireskred»* vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

Ta omsyn til forventa klimaendringar
Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing vart vedtekne 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi rår til at de set dykk inn i planretningslinjene og sikrar at arealdisponeringa tek omsyn til eit klima i endring.

Fakta arket «Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen» gir ei kort skildring av korleis omsyn til klimaframskrivingar kan innarbeidast i arealplanane.

Kva endringar i klima er forventa
Norsk klimaservicesenter har utarbeidd klimaprofil for Møre og Romsdal fylke. Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om forventa klimaendringar i planarbeidet.

Utbygging kan gi problem med overvatn
Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda.

Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnettet, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.

NVE si oppfølging av planarbeidet
I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen».

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Hareid kommune

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Per Mulvik AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Jan Magnus Ose

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Maria Svendsen / 48293933	19/11104-8	Jan Magnus Ose	05.07.2019

Fv. 61 i Hareid kommune – uttale til utvida varsel om oppstart av planarbeid og forhandlingar om utbyggingsavtale – detaljregulering av gnr. 41 bnr. 42 – planID 20180002 – varsel om motsegn

Vi viser til brev frå dykk datert 05.06.2019.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyremakt med sektoransvar på transportområdet.

Saksopplysningar

I brev datert 15.01.2019 blei det varsla oppstart av planarbeid av detaljregulering på gnr. 41 bnr. 42 i Hareid kommune. Formålet med planarbeidet er å utvikle eit sentrumsnært og attraktivt bustadfelt på om lag 39,5 daa for frittliggande og konsentrert småhusbusetnad. Etter første gongs varsel om oppstart av planarbeidet, blei det behov for utviding av planområdet. Det vert med dette sendt ut utvida varsel om oppstart av planarbeidet, og planområdet er no på ca. 61 daa.

Det er opplyst om at største forskjellen på den tidlegare varsla planavgrensinga og den nye planavgrensinga er at den nye har tatt ein større del av landbruksområdet i vest, samt at det er tatt med heile området T1 i kommuneplanen som er avsett til offentleg tenesteyting.



Planavgrensinga slik den vart i samband med varsel om oppstart av planarbeid



Planavgrensinga slik den no er i samband med utvida varsel om oppstart av planarbeid

I vår uttale til første gongs varsel om oppstart datert 08.03.2019 varslar vi motsegn til følgjande:

- Tilknyting til fylkesvegen
    - Det må i føresegnene stillast rekkefølgjekrav om opparbeiding av rundkøyring i Holstadkrysset før det kan gjevast bruksløyve til bustader innanfor området.
    - Av omsyn til trafikktryggleiken, må avkøyrsla frå fv. 61 til gnr. 41 bnr. 42 sanerast.

Vi viser til våre merknader av 08.03.2019 ved første oppstartsmelding, kor vi varslar motsegn til planarbeidet. Vi står framleis ved våre merknader til planen.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
Avdelingsdirektør

Jan Gunnar Sandblåst
Seksjonsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 HAREID
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Per Mulvik AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Jan Magnus Ose

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region midt	Maria Svendsen / 48293933	19/11104-2	Jan Magnus Ose	08.03.2019

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid – detaljregulering av gnr. 41 bnr. 42 m.fl. i Hareid kommune – planID: 1517-20180002 – varsel om motsegn

Vi viser til brev frå dykk datert 15.01.2019.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyremakt med sektoransvar på transportområdet.



Oversikt over plangrense datert 13.01.2019.

Saka gjeld

Formålet med planarbeidet er å utvikle eit sentrumsnært og attraktivt bustadfelt på om lag 39,5 daa for frittliggande og konsentrert småhusbusetnad. I tillegg ønskjer kommunen at det vert lagt til rette for ny vegforbindelse mellom Drammensvegen i aust og Reiten i vest.

Våre merknadar

Bustader i sentrumsområde

Området ligg sentrumsnært, og tett opp til skule, forretningar og ferje/hurtigbåt. Etablering av bustadar i dette området er i tråd med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og legg godt til rette for transport i form av gange, sykkel og kollektivt. Det er uklart kvifor planavgrensinga er sett slik den er, og vi stiller spørsmål til om området som regulerast til bustad burde vore utvida. Då området er sentrumsnært bør det leggast til grunn høg grad av utnytting. Tett utnytting kan bidra til finansiering av fleire trafikktryggleikstiltak.

Tilknyting til fylkesvegen

Fv. 61 går forbi planområdet i sør og har ein fartsgrense på 60 km/t og trafikkmengd på 6860 køyretøy. Det er planlagt ny tilkomstveg tilknytt Drammensvegen og Reiten (kommunale vegar). Tilkomst via Reiten legg til grunn avkøyrsle frå Holstadkrysset. I reguleringsplan for Hareidsmyrane nord 2, er det regulert rundkøyring i Holstadkrysset med rekkefølgjekrav om opparbeiding.

Holstadkrysset er allereie i dag høgt belasta som tilkomst til mellom anna barnehage og større bustadområde, og trafikken inn til området vil auke ytterlegare når ny busetnad etablerast. Det må i føresegnene stillast rekkefølgjekrav om opparbeiding av rundkøyring i Holstadkrysset før det kan gjevast bruksløyve til bustader innanfor området. Om ikkje vil vi fremme motsegn til planen.

Det er i dag ei direkteavkøyrsle frå fv. 61 til gnr. 41 bnr. 42 m.fl. Av omsyn til trafikktryggleik ønsker Statens vegvesen å begrense talet på direkteavkøyrsler langs vegen. Avkøyrsla frå fv. 61 til gnr. 41 bnr. 42 må difor sanerast. Om ikkje vil vi fremme motsegn til planen.

Utbyggingsavtale

Utbygging av større bustadområde gjer det mogleg å sikre trafikktrygge løysingar og gang- og sykkelvegar i samband med utbygging. Vi viser til pkt. 3.1.2 i føresegnene til kommuneplanen kva gjeld utbyggingsavtaler. Hareid kommune må gjennom utbyggingsavtalar sikre finansiering til gjennomføring.

Myke trafikantar / skuleveg

Eigendomen ligg tett opp til fv. 61, og etablering av bustader langs fylkesvegen vil generere økt ferdsel langs vegen og auke talet på kryssingar av mjuke trafikantar. Det er i dag ein undergong under fylkesvegen like aust for planområdet, som knyter området saman med skule og idrettsanlegg sør for vegen. I samband med utbygging av forretningsområde sør for Holstadkrysset er det stilt rekkefølgjekrav om etablering av planskilt kryssing (reguleringsplan for Hareidsmyrane nord 2).

Byggegrense

Vi gjer merksam på at fv. 61 tilhøyrar haldningsklasse *meget streng*, som inneber byggegrense 50 meter. Dette kjem fram i forslag til ny rammeplan for avkøyrsler og differensierte byggegrenser langs riks- og fylkesveg, som no er på høyring. Byggegrensa må trekkast så langt unna fylkesvegen som mogleg. Det må setjast tilstrekkelege krav til støy, sjå neste punkt.

Støy

Deler av eigendomen ligg innanfor gul støysone, sjå kartutsnitt under. Vi viser til *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)*, som gir anbefalte støygrenser ved etablering av nye bustadar og annan busetnad med støyfølsamt bruksføremål. Hensikta med støyvarselkartet er å varsle om at støy må vere eit tema i planen, men kartet i seg sjølv kan ikkje regnast som fullverdig støyberekning. All busetnad må etablerast utanfor raud støysone. Bygging innanfor gul støysone krev støyutgreiing. I samband med regulering må det gjerast støyutgreiing som viser krav til innandørs og utandørs støynivå i tråd med krav i T-1442.

Kartutsnitt som viser deler av planområdet som ligg innanfor støysona.

Konklusjon

Bustadområdet som planleggast er sentrumsnært og det bør leggast til grunn høg grad av utnytting. Eventuell utviding av planområdet bør vurderast.

Det må i føresegnene stillast rekkefølgjekrav om opparbeiding av rundkøyring i Holstadkrysset før det kan gjevast bruksløyve til bustader innanfor planområdet. Om ikkje vil vi fremme motsegn til planen.

Direkteavkøyrsla frå fv. 61 til gnr. 41 bnr. 42 m.fl. må sanerast. Om ikkje vil vi fremme motsegn til planen.

Etablering av eit større bustadområde gjer det mogleg å sikre trafikktrygge løysingar og gang- og sykkelvegar i samband med utbygging. Hareid kommune må gjennom utbyggingsavtaler sikre finansiering til gjennomføring.

Vi imøtekjem nærare dialog og avklaring rundt løysingar eller forhold som vedkjem vårt ansvarsområde. Øvrige merknadar vil vi kome attende til når plana ligg føre.

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

Ole Jan Tønnesen
Avdelingsdirektør

Lisbeth Smørholm
Seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune

PER MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
planID: 1517-20180002	15.01.2019	4755/2019/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	25.02.2019

-

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 41/42 m.fl - fråsegn til oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Det er varsla oppstart av planarbeid med sikte på å detaljregulere gbnr. 41/42 ved Hareid sentrum. Målet med planarbeidet er å utvikle eit bustadområde med frittliggande og konsentrert småhusbusetnad.

MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSELET

Planfaglege merknader

Den største delen av planområdet er omfatta av tidlegare reguleringar (1974, 1998, 2007). Ein mindre del av området er ikkje regulert, men er avsett til offentleg tenesteyting i kommuneplanen. Tilkomstvegen inn i området vil berøre noko landbruksområde, friområde og delar av offentleg/privat tenesteyting. Vi har ingen særskilde planfaglege merknader.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til forhistoriske jordbruksbusettingar. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Det vil i dette området også vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavar sitt ansvar viss ikkje anna er avtalt.

Ved arbeid på og langs veg viser vi til Handbok N301, og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart ansvarsfordeling i samband med rutinane kring arbeidsvarsling og risikovurdering.

Vi gjer merksam på at maskinførar må ha bevis for gjennomført Arbeidsvarslingskurs 1 for arbeid på og ved veg.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som muleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utset registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Barn og unge

Planarbeidet må sikre uteareal for felles opphald og leik på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Kravet om tilstrekkeleg og eigna utomhus opphaldsareal er heimla i plan- og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK17) § 8-1 (uteareal) og 8-3 (uteopphaldsareal).

Kva som er meint med «tilstrekkeleg» og «eigna» areal, er nærare beskrive i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging (RPR), rundskriv T-2/08.

Uteopphaldsareal bør ikkje vere vesentleg smalare enn 10 meter, heller ikkje vere lokalisert eller utforma som "restareal". Det er vanlegvis berre ein mindre del av byggeområdet som i praksis er uteopphaldsareal. Areal rundt bygg ned mot 4 meters breidde (tilsvarande avstand mellom byggverk for å unngå spreiing av brann), er vanlegvis ikkje tilstrekkeleg til å fungere som uteopphaldsareal.

Ved planlegging av eit bustadområde er ei av dei store utfordringane å velje trafikk-løysingar som kan gi tilfredstillande trafikktryggleik. Vi rår i denne samanhengen til at ein i størst mogleg grad skil trafikkareal frå bustad og uteoppholdsareal, slik at barn og unge slepp å krysse trafikkareal når dei er utomhus. Planlegginga bør ha som målsetting å skape barnevennlege og bilfrie soner.

Planlegging av bustader som inneheld horisontaldelte einingar kan vere utfordrande - der uteareala i praksis er privatiserte av og berre tilgjengelege for einingane på bakkeplan. Vi rår dei som ønskjer å planlegge slike bustadtypar, men finn organiseringa av desse vanskeleg, til å vurdere bustadtypar utan horisontaldeling.

KONKLUSJON

- Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til forhistoriske jordbruksbusettingar og stiller derfor krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).
- Vi ber om at planarbeidet sikrar uteareal for felles opphald og leik på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

<u>Fagsaksbehandlar</u>
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog, Arve Eiken Nytun, tlf 71 28 03 25

Vedlegg: Budsjett for arkeologisk registrering

Kopi:
Hareid kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Budsjett arkeologisk registrering

Reguleringsplan for 41/42 ved Hareid sentrum

Saksnr.	2019/720	Saksbeh.:	Arve Eiken Nytun
Prosjektnr.			Dato: 01.02.2019
Sted/ gård, kommune	Brekkane, Hareid kommune		
Tiltakshaver	Trelast AS		
Adresse	Strandgata, 6060 Hareid		

LØNNSKOSTNADER					sos.utg.		
timekostnader	timer	à kr		direkte lønn	47 %		sum
Forarbeid	4	kr 292,00	kr	1 168	kr 549	kr	1 717
Delsum	*4*		*kr*	*1 168*	kr 549	*kr*	*1 717*
Feltarbeid	75	kr 342,00	kr	25 650	kr 12 056	kr	37 706
Delsum	*75*		*kr*	*25 650*	kr 12 056	*kr*	*37 706*
Etterarbeid	37,5	kr 292,00	kr	10 950	kr 5 147	kr	16 097
Delsum	*38*		*kr*	*10 950*	kr 5 147	*kr*	*16 097*
Sum lønnskostnader	117		kr	37 768	kr 17 751	**kr**	**55 519**

Indirekte kostnader	60 % av timekostnader	**kr**	**33 311**

DRIFTSKOSTNADER	antall	à kr		
Kost	10	kr 733,00	kr	7 330
Losji	12	kr 1 000,00	kr	12 000
Reiseutlegg			kr	1 500
Leiebil el. tilsvarende	400 kr per døgn		kr	3 200
Sum reise, kost og losji			kr	24 030
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)		kr	8 883
Sum driftskostnader			**kr**	**32 913**

KJØP AV TJENESTER			
Gravemaskin			
Annet teknisk utstyr			
Delsum			
Naturvitenskapelige analyser			
14C	(4950 kr per prøve)	kr	20 000
annet	Andre vit.skl. Analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)	kr	10 000
Delsum naturvitenskap		*kr*	*30 000*
Andre konsulenttjenster			
Sum kjøp av tjenester		**kr**	**30 000**

Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)			
Universitetsmuseet i Bergen	5 %	kr	2 776

SUM BUDSJETT (maksimum)	**kr**	**154 519**

Budsjett arkeologisk registrering

Budsjett Arkeologisk registrering

Saksnr.	2019/720	Saksbeh.:	Kristoffer Dahle		
Prosjektnr.		Oppdatert Budsjett		Dato:	25.06.2019
Sted/ gård, kommune	Brekkane/Rima, Hareid kommune				
Tiltakshaver	Trelast AS				
Adresse	Strandgata, 6060 Hareid				

LØNNSKOSTNADER					sos.utg.		
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn		47 %		sum
Forarbeid	4	kr 310,00	kr	1 240	kr 583	kr	1 823
Delsum	*4*		*kr*	*1 240*	kr 583	*kr*	*1 823*
Feltarbeid	112,5	kr 360,00	kr	40 500	kr 19 035	kr	59 535
Delsum	*113*		*kr*	*40 500*	kr 19 035	*kr*	*59 535*
Etterarbeid	60	kr 310,00	kr	18 600	kr 8 742	kr	27 342
Delsum	*60*		*kr*	*18 600*	kr 8 742	*kr*	*27 342*
Sum lønnskostnader	177		kr	60 340	kr 28 360	**kr**	**88 700**

Indirekte kostnader	60 %	av timekostnader	**kr**	**53 220**

DRIFTSKOSTNADER	antall	à kr		
Kost	15	kr 780,00	kr	11 700
Losji	19	kr 1 000,00	kr	19 000
Reiseutlegg				
Leiebil el. tilsvarende	750 per døgn		kr	11 250
Sum reise, kost og losji			kr	41 950
Forbruksmateriell og utstyr		(10 %)	kr	14 192
Sum driftskostnader			**kr**	**56 142**

KJØP AV TJENESTER			
Gravemaskin			
Annet teknisk utstyr			
Delsum			
Naturvitenskapelige analyser			
14C	4950 kr per prøve	kr	30 000
annet	Andre vit.skl. Analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)	kr	15 000
Delsum naturvitenskap		*kr*	*45 000*
Andre konsulenttjenster			
Sum kjøp av tjenester		**kr**	**45 000**

Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)				
Universitetsmuseet i Bergen		5 %	kr	4 435

SUM BUDSJETT (maksimum)	**kr**	**247 497**

Møre og Romsdal fylkeskommune

PER MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	05.06.2019	72794/2019/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	28.06.2019

-

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 41/42 m.fl., Brekkane - fråsegn til utvida oppstartsvarsel

Det er varsla utvida oppstart i samband med detaljregulering ved Hareid sentrum.

Vi viser til brevet vårt 25.02.2019 der vi kommenterte det første oppstartsvarselet. Vi har ingen ytterlegare planfaglege merknader.

Automatisk freda kulturminne

Viser til vårt krav om arkeologisk registrering datert 25.02.2019. Då planområdet no er utvida mot Rima i vest, må vi sette eit nytt budsjett for dei arkeologiske registreringane. Vi minner om at dette er eit maksimumsbudsjett og vi vil ikkje overskride dette. Budsjettet ligg vedlagt. Arkeologisk registrering er tinga av tiltakshavar, og vil kunne utførast i løpet av seinsommaren/hausten. Vi minner om at planen ikkje kan godkjennast før registrering og avklaring knytt til automatisk freda kulturminne er avklart.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, 71 28 03 29

Vedlegg: Oppdatert budsjett for arkeologisk registrering

Kopi:
Hareid kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Jan Magnus Ose

Fra: Norleif Nordal <Norleif.Nordal@Morenett.no>
Sendt: onsdag 16. januar 2019 14:03
Til: Jan Magnus Ose
Emne: 15/00665-41 - Varsel om planarbeid - detaljregulering av gbnr.41/42 m.fl i Hareid kommune - planID: 20180002
Vedlegg: 4150 Brekke - reg.plan.pdf

Mørenett AS har ein nettstasjon og fleire lav- og høgspentkablar innanfor reguleringsområdet og desse må det takast omsyn til i vidare reguleringsarbeidet, sjå vedlagde kart. Vi forstår heller ikkje kvifor den nye nettstasjonen vår 4150 Brekke er lagt inn i reguleringsområdet. Denne vart bygd ny i 2015 og plassert inn på Hareid kommune sin eigedom etter avtale.

Tidlegare sto det ein gamal betongkiosk nord for den nye og her eig framleis Mørenett AS eigedom 41/392 og også denne er lagt inn i reguleringsplanområdet utan vidare.

Vennleg helsing

Mørenett

Norleif Nordal
Prosjektingeniør
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.
Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.

Fra: Jan Magnus Ose <jan@mulvik.no>
Sendt: 15. januar 2019 15:21
Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (postmottak@fmmr.no) <postmottak@fmmr.no>; post@mrfylke.no; firmapost-midt@vegvesen.no; NVE Region Vest (rv@nve.no) <rv@nve.no>; Mørenett Firmapost <Firmapost@Morenett.no>; eivind.longva@hareid.kommune.no; asbjo-v@online.no; else.gjerde@hotmail.com; landbruk@heroy.kommune.no; Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (firmapost@reinhaldsverket.no) <firmapost@reinhaldsverket.no>
Kopi: Silja Øvrelid <silja.Ovrelid@hareid.kommune.no>; Terje Giskeødegård Balsnes <tgb@trelast-as.no>
Emne: Varsel om planarbeid - detaljregulering av gbnr.41/42 m.fl i Hareid kommune - planID: 20180002

Hei!
Vedlagt følgjer varsel om planoppstart for del av gbnr.41/42 m.fl i Hareid kommune med merknadsfrist 26.02.2019.
Gjer merksam på at varselet også ligg på kommunen si heimeside, og vil bli annonsert i Vikebladet torsdag førstkomande.
Plangrensa er også vedlagt på sosi-format.

Mvh
For Per Mulvik AS
Jan Magnus Ose

Direkte: 70 07 49 94
Sentralbord: 70 07 49 90
E-post: jan@mulvik.no



- Utkoblet kabel
- 230 V kabel
- 400-1000 V kabel
- 5-11kV kabel
- 22kV kabel
- Fiberkabel
- Rør
- 22kV Nettstasjon
- 230V Kabelskap
- Veilys

Alle ledning/trasear må oppfattast som orienterande.
Graving nærmare trasear enn 3 m, er på eige ansvar.
Kontakt MØRENETT AS for kabelpåvising.

MØRENETT AS

planID: 20180002

Dato: 2019.01.16
Sign: NORLEIF

Oppstart planarbeid i Hareid kommune

N

Målestokk
1:2000

Jan Magnus Ose

Fra: Norleif Nordal <Norleif.Nordal@Morenett.no>
Sendt: tysdag 25. juni 2019 10:19
Til: Jan Magnus Ose
Emne: 15/00665-44 - Hareid - Detaljplan - Detaljregulering for Brekkane gbnr 41/42
Vedlegg: 4150 Brekke.pdf

Mørenett AS har svært lite nett innanfor reguleringsområdet, men vi har ein nyoppsett nettstasjon (2015) ved Drammensvegen. Denne er teken inn i reguleringsområdet utan at vi forstår kvifor.

I vidare reguleringsarbeid må det takst omsyn til denne, slik at nødvendige avstandskrav vert stetta.

Vennleg helsing

Mørenett

Norleif Nordal
Prosjektingeniør
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.
Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.

Fra: jan@mulvik.no <jan@mulvik.no>
Sendt: 5. juni 2019 10:18
Til: Anders.smith-ovland@mrfylke.no; jan@mulvik.no; post@mrfylke.no; postmottak@fmmr.no; firmapost-midt@vegvesen.no; rv@nve.no; postmottak@hareid.kommune.no; Mørenett Firmapost <Firmapost@Morenett.no>; eivind.longva@hareid.kommune.no; asbjo-v@online.no; else.gjerde@hotmail.com; landbruk@heroy.kommune.no; firmapost@reinhaldsverket.no; postmottak@hareid.kommune.no; silja.ovrelid@hareid.kommune.no; tgb@trelast-as.no
Emne: Hareid - Detaljplan - Detaljregulering for Brekkane gbnr 41/42

Denne e-posten inneheld plandokument sendt gjennom skjemaløysninga for oversending av plansaker på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi ber om at mottakar journalfører oversendinga og eventuelle vedlegg for vidare saksbehandling/dokumentasjon.

For meir informasjon om skjema for oversending av plansaker, sjå Møre og Romsdal fylkeskommunes nettside.

Hareid - Detaljplan - Detaljregulering for Brekkane gbnr 41/42

Dato	05/06 2019

Mottakarar	post@mrfylke.no postmottak@fmmr.no firmapost-midt@vegvesen.no rv@nve.no postmottak@hareid.kommune.no post@morenett.no eivind.longva@hareid.kommune.no asbjo-v@online.no else.gjerde@hotmail.com landbruk@heroy.kommune.no firmapost@reinhaldsverket.no postmottak@hareid.kommune.no silja.ovrelid@hareid.kommune.no tgb@trelast-as.no
1.1 Kommune	Hareid
1.2 Avsenders referanse sak / arkiv nr.	2368 Detaljregulering for Brekkane - utvida varsel
1.3 Avsender	Andre (private)
1.5 Namn	Per Mulvik AS
1.6 Adresse	Holmen 7, 6100 Volda
2. Prosess / frist	
2.1 Plantype	Detaljplan
2.2 Gjeld mindre reguleringsendring	Nei
2.3 Plannamn	Detaljregulering for Brekkane
2.4 G.nr.	41
2.5 B.nr.	42
2.9 Revidert varsel om oppstart?	Ja
2.10 Utgreiingar	Uten planprogram
2.14 Høyringsfrist	08.07.2019
2.15 Plan-ID	1517-20180002
3. Vedlegg	
3.1 Oversendingsbrev	2816 Varslingsbrev 2019_06_05.pdf
3.2 Referat frå oppstartsmøte	Vedlegg07_Referat_oppstartsmote.pdf
3.3 Planavgrensing PDF	Vedlegg02_Plangrense_1_2500_revA.pdf
3.4 Planavgrensing SOSI	2816_Planomraade_2019_04_12.sos

3.9 Politisk behandling	Vedlegg08_Saksframlegg_vedtak_FSK.pdf
3.14 Andre vedlegg	Vedlegg01_Oversiktskart_1_10000_revA.pdf Vedlegg03_Ortofoto_1_2500_revA.pdf Vedlegg04_Reguleringsplanar_1_2500_revA.pdf Vedlegg05_Kommuneplan_1_2500_revA.pdf Vedlegg06_Planinitiativ_revA.pdf



Alle ledning/trasear må oppfattast som orienterande.
Graving nærmare trasear enn 3 m, er på eige ansvar.
Kontakt MØRENETT AS for kabelpåvising.

MØRENETT AS

Dato: 2019.06.25
Sign: NORLEIF

Brekkane - reguleringsplan

N

Målestokk
1:2000

Jan Magnus Ose

Fra: Arvid Skråvik <a-sk@online.no>
Sendt: tysdag 26. februar 2019 17:32
Til: Jan Magnus Ose
Kopi: silja.ovrelid@hareid.kommune.no; sylviedvardsen@gmail.com; 'Brekke, Per-Johan (NE/BA-CSN)'; Wenche S. Brekke
Emne: Varsel om oppstart av planarbeid og detaljregulering gbnr 41_42 m_fl i Hareid kommune-planID: 20180002

Oslo 26.02,2019

Som ein av eigarane til gnr 41/339 vil eg rette søkelyset på to viktige punkt

1.Forslag om veg som er teikna inn på vedlagt reguleringskart er svært nær tomta vår og den er lagt rett gjennom hushjørnet til vår gode nabo Britt Howlid og Eilif Tore Howlid 41/42 og 41/339. Dette ser ikkje bra ut. Ein vert her klemt inne mellom vegen som går over Reiten og den planlagde nye vegen. Vegen bør leggast lenger ned på jorda til Howlid som ligg brakk og ikkje vert nytta til noko per i dag.

2. Om det skal byggast skule og barnehagar på Brekkejorda til Torhild Brekke og Per Dimmen, vil det gjere at skulekrinsane Hjørungavåg, Bigset og Brandal vert utan fullgode tilbod i sine nærmiljø, noko som igjen fører til fråflytting frå krinsane. Når familier må flytte frå heimane sine, er det slettes ikkje sikkert at det blir til Hareid sentrum, men mest sannsynleg flytter dei då til Ulsteinvik.

Her må alle tenke framover og på korleis ein skal gjere tilhøva for småbarnfamilier i krinsane rundt Hareid sentrum best mogleg.

Med helsing frå

Wenche Schjelderup Brekke

Bekkeveien 9
0667 OSLO

Jan Magnus Ose

Fra: Per Dimmen <per.dimmen@ulstein.kommune.no>
Sendt: måndag 25. februar 2019 14:16
Til: Jan Magnus Ose
Kopi: torhildbrekke@hotmail.com; Per Dimmen
Emne: skanner_20190225_141946.pdf
Vedlegg: skanner_20190225_141946.pdf

Hei!

Vedlagt brev og skisse til merknad Detaljregulering av Gnr. 41/ 42 m.fl. Hareid Kommune «plan ID: 1517-20180002».

Venleg helsing

Per Dimmen
prosjektleiar Ulstein Eigedomsselskap KF
UEKF

ULSTEIN KOMMUNE

Tlf. 70017500 | Dir. 70017565 | Mob. 91831190
postmottak@ulstein.kommune.no
www.ulstein.kommune.no

Torhild Brekke og Per Dimmen,

Brekkane 32.

6060 Hareid.

Hareid, 25.02.2019.

Per Mulvik AS,

Holmen 7,

6100 Volda.

Vedk. Detaljregulering av Gnr. 41/ 42 m. fl. Hareid Kommune «plan ID: 1517-20180002»

No når Kommuneplanen er under endring, nyttar vi høvet til å kome med nokre innspel.

1. Ein gong vert nok den sentrumsnære jorda vår utbygd. Men til den tid vil vi nytte graset til fór for dyra eldste son vår har på Teigane. Det er berre eit par år sidan vi la ned tid og pengar til grøfting, drenering og tilsåing på heile jorda på Brekkane p.g.a. problem med overflatevatn.
2. At nesten heile jorda vår vert foreslått regulert til offentleg/ privat tenesteyting, kan vi ikkje finne oss i. Slike areal må fordelast på gjeldande eigedomar. Vedlagde kartskisse syner eit forslag på dette.
3. Vegføringa som er foreslått frå Holstad til Drammensvegen ligg alt for nær eksisterande bustader(mot nord). Nord om denne vegen vil det resterande areal bli for smalt for utnytting til bustader(byggefelt). Vedlagde kartskisse syner kvar vi meiner vegen bør gå(mot sørøst), og konsekvensane av det.

Med helsing

Torhild Brekke og Per Dimmen

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma:	Per Mulvik AS	Sentral:	70 07 49 90
Adresse:	Holmen 7	Direkte:	70 07 49 94
Postnr./stad:	6100 Volda	E-post:	jan@mulvik.no
Org.nr.:	941 987 516		

Prosjektnamn:

2816 Detaljregulering gbnr.41/42 m.fl. - Hareid

Oppdragsgivar:

Trelast AS
Strandgata
6060 Hareid

Prosjekterande:

mulvik
www.mulvik.no

Tittel:

Plangrense

Teikna av:	JMO
Dato:	13.01.19
Kontr.av:	
Dato:	
Erstattar teikn.:	

Teikningstype:

PLANOPPSTART

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2816	911	1:2500	

Jan Magnus Ose

Fra: Nansy Pilskog Haddal <nansyph@gmail.com>
Sendt: torsdag 24. januar 2019 18:40
Til: Jan Magnus Ose; Terje Giskeødegård Balsnes
Kopi: eiliv-tore Howlid
Emne: planID: 1517-20180002 - Innspel til planarbeid

Hei,

takk for eit fint og konstruktivt møte i går, onsdag 23. januar. Som avtalt sender vi inn våre innspel til planarbeidet, som kommunisert i møtet.

Vi har innspel til korleis planarbeide påvirkar 41/4 og 41/884.

Slik som tilførselsvegen er teikna inn per no, er ikkje ei løysing som vi kan akseptere. Vegen vil gå tett opp i hus og hage, og vil gå rett gjennom frukt- og grønsakshagen som er etablert i området vest for låven. Vi vil samstundes bli avskåren frå all anna mark som vi eig på grunn av bilvegen.

Vi er derimot positive til å gå i dialog og finne ei løysing på dette. For oss vil det vere mykje betre å få boligbebyggelse mellom huset og vegen som er teikna inn. Vegen kan då kome lenger vekk frå huset, og kome inn på Reiten lenger bortanfor låven, og eksempelvis koplast på i krysset ved Reiten/Holane.

Som kommunisert i møtet er vi positive til omreguleringa og sal av eigedomen, men ikkje slik som teikningane foreligg no.

Håpar på ein framleis fin dialog!

Vi vil og presisere at det per no er Brit Howlid som står som eigar av både 41/4 og 41/884. Papir er sendt inn, og det vil nok ikkje vere lenge til tinglysinga er i orden.

Med venleg helsing
Nansy Pilskog Haddal
Eiliv-Tore Howlid
Brit K. Howlid

HERØY KOMMUNE
Landbruk

Per Mulvik As
Holmen 7
6100 VOLDA

Vår referanse	Dykkar referanse	Sakshandsamar	Dato
19/10808 19/12300		Anne Kathrine Løberg	05.07.2019

Uttale til "planID 1517-20180002" - Hareid - gnr 41 bnr 42 mfl.

Vi viser til våre uttale datert 26.02.2019 der det går fram at 28 dekar fulldyrka jord og 2 dekar innmarksbeite vert omdisponert gjennom reguleringa. I endringa til søknaden no vert arealet utvide med snautt 3 dekar fulldyrka jord. Vi tek oppatt frå førre uttale: det er uheldig at eit større areal med fulldyrka jord vert omdisponert til byggeføremål.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
Per Mulvik As Holmen 7 6100 VOLDA

HERØY KOMMUNE

Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid

PER MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2019/77	L12		LANDBRUK	26.02.2019

DETALJREGULERING AV 41/42 M. FL. I HAREID KOMMUNE - PLANID: 20180002 MERKNAD TIL OPPSTARTMELDINGA

Reguleringa gjeld snautt 28 dekar fulldyrka jord og 2 dekar innmarksbeite. Mesteparten av arealet er tilleggsareal for ein gardbrukar som har drift på småfe. Arealet vert slått.

Ut frå ei fagleg vurdering, og av omsyn til jordvernet, er det uheldig at eit større areal med fulldyrka jord vert omdisponert til byggeføremål. Likevel ligg området innafor det som er sett av til andre arealføremål enn landbruk (LNF) i gjeldande kommuneplan.

Eit eventuelt vedtak om regulering krev løyve til omdisponering av dyrka mark etter § 9 i Jordlova.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Anne Kathrine Løberg, anne.kathrine.loberg@heroy.kommune.no – 900 34 380.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato: 28.02.2019
Vår ref: 2019/407
Dykkar dato: 15.01.2019
Dykkar ref: Jan Magnus Ose

PER MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune
Detaljregulering - reguleringsplan gnr41 bnr42 m.fl
Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Det er varsla oppstart av reguleringsplan på gardsnummer 41 bnr 42 m.fl. Arbeidet medfører endring av deler av gjeldande reguleringsplan. Planområdet utgjer om lag 39,5 dekar og ligg om lag 400 meter vest for rundkøyringa i Hareid sentrum. Føremålet med planarbeidet er å etablere frittliggande og konsentrert småhusbusetnad. I tillegg ønskjer kommunen å legge til rette for ny vegforbindelse mellom Drammensvegen i aust og Reiten i vest.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg
I gjeldande planar er det meste av arealet lagt ut til utbyggingsføremål, sjølv om arealet hovedsakeleg utgjer dyrka jord. Nedbygging av dyrka jord er svært uheldig av omsyn til jordressursane sin verdi for matproduksjon både no og i framtida. Vi legg til grunn at utnyttingsgraden av arealet difor blir høg.

Landbruk
Store deler av planområdet ligg på dyrka jord. Matjorda må bli tatt vare på og nytta til nydyrking på eit eigna areal til ein matprodusent i aktiv drift. Kommunen ved landbruksansvarleg må godkjenne det nye området, og plan for gjennomføring, med kopi til Fylkesmannen. Tiltakshavar, kommune og entreprenør skal gjere seg kjent med og legge rettleiaren «Jordmassar – frå problem til ressurs» - https://www.fylkesmannen.no/nb/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordvern/handbok-jordmassar--fra-problem-til-ressurs.-ta-vare-pa-matjorda/ - til grunn for gjennomføringa. Føresegnene til reguleringsplanen må ta inn nødvendige moment for å sikre at

matjorda blir tilstrekkeleg ivareteke. Vi minner også om at all nedbygging av dyrka mark og dyrkbar mark skal rapporterast inn til KOSTRA ved årets slutt når reguleringsplanen er godkjent.

Støy
Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, med tilhøyrande rettleiar M-128, skal leggast til grunn for all arealplanlegging og utbygging. Ein del av planområdet ligg innanfor raud og gul støysone ifølgje støysonekartet som er utarbeida av Statens vegvesen. Støytilhøva må difor avklarast gjennom utarbeiding av ein støyrapport med forslag til tiltak. Tiltaka skal takast inn i plankart og føresegner.

Barn og unge
Det er i oppstartsvarselet gjort greie for at ein skal setje av areal til nærleikeplassar i samsvar med Fylkesmannen sine råd. Når det gjeld kvartalsleikeplassar ønskjer ein å nytte seg av skuleområdet som grensar til planområdet. Vi vil difor peike på at trygge forhold for mjuke trafikantar er svært viktig i området.

Konklusjon
Vi viser til våre merknader, og ber om at desse takast med i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Kari Bjørnøy

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

HAREID KOMMUNE	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE

Jan Magnus Ose

Fra: Inger Smidesang Holstad <ingerholstad85@hotmail.com>
Sendt: måndag 25. februar 2019 23:02
Til: Jan Magnus Ose
Emne: Merknad til oppstartsmeldinga - PlanID: 1517-20180002

Merknad til oppstartsmeldinga som gjeld oppstart av planarbeid og forhandlingar for gbnr. 41/42 m.fl. i Hareid kommune

PlanID: 1517-20180002

Merknaden gjeld plasseringa av vegen som er planlagt nedanfor den populære akebakken på Brekkane.

I oppstartsmeldinga kjem det fram at det er planlagt å opprette vegsamband mellom Drammensvegen i aust og Reiten i vest. Nærare plassering av denne vegen er ikkje omtala i meldinga. Det framgår av kommentarar på Hareid kommune si Facebook-side, i innlegget som gjeld varsel om detaljregulering, at vegen er planlagt å følgje den sterkast markerte kota, og at det er lagt inn ein sving slik at akebakken flatar ut før vegen.

Som det framgår av ein kommentar til innlegget på Hareid kommune si Facebook-side så er det ytra bekymring for plasseringa av den nye vegen frå Drammensvegen, med tanke på om det blir konflikt mellom traseén til akebakken og ein potensiell bilveg. Denne bekymringa deler eg. Eg ønskjer eit nytt bustadområde velkomen, og eg trur det blir veldig bra å etablere eit bustadområdet på den aktuelle plasseringa. Det er både viktig og bra at Hareid kommune får eit nytt sentrumsnært bustadfelt. Som småbarnsmor har eg samtidig nokre innspel i tilknyting til plasseringa av vegen som er planlagt inn frå Drammensvegen.

Formålet med å kome med denne merknaden er altså å få kommunen til å **vurdere plasseringa av vegen** inn til bustadområdet.

Grunngjeving og bakgrunn for merknad/innspel:

Eg er oppvaksen i området, og som tidlegare flittig brukar av akebakken veit eg at ein renn godt ned på marka, altså eit godt stykke etter at bakken har flata ut, på «vanleg føre». På hardt føre renn ein enda lenger. Det framstår derfor som mogleg at den planlagte bilvegen kan kome i konflikt med traséen til akebakken.

Skuleungane brukar akebakken kvar dag i langfriminuttet og i SFO-tida. Skulen har vakter i bakken når det er i skuletida, men når halve barneskulen er i akebakken samtidig så vil det vere vanskeleg å sikre at ingen ungar renn ned i ein bilveg dersom denne ligg for nær akebakken. I tillegg er akebakken brukt på ettermiddag og kveld, altså når det er mørkt ute og det er dårlegare sikt, og det i tillegg ikkje er med vakter. Som mor til to små gutar som skal vekse opp i området og som allereie har glede av akebakken, så vekker det bekymring dersom bilvegen blir lagt for nær akebakken.

Vidare, så vil eg kommentere informasjonen som framgår av oppstartsmeldinga om at ein veg inn frå Drammensvegen vil medføre noko trafikkauke. Drammensvegen er ein veg som allereie er belasta. Dersom ein køyrer der i det tidsrommet elevar skal leverast og hentast på skulen kan ein risikere å bli ståande i kø. I tillegg er det vel ikkje ønskjeleg å auke trafikkmengda på ein veg rett ved ein barneskule, der nedre del av vegen ikkje har gangveg.

Formålet med å kome med merknad er som nemnt å få kommunen til å vurdere plasseringa på vegen inn til bustadområdet. Eg foreslår følgande to alternativ:

1. Blindveg frå Reiten og inn i bustadområdet
    - Unngår fare for konflikt mellom akebakken og bilveg
    - Unnår at skuleungane må passere ein bilveg for å kome til akebakken
    - Unngår auka trafikk i Drammensvegen

2. Legge bilvegen frå Drammensvegen nærare skuleområdet/gangvegen, evt. lage ein enda større sving rundt området ved akebakken

Eg håper dette innspelet blir vurdert grundig i den vidare handsaminga av planarbeidet, og at det let seg gjere å realisere bustadområdet samtidig som vi beheld ein trygg akebakke for ungane.

Med vennleg helsing

Inger Smidesang Holstad

MELDING OM UTTALE

frå

møte i eldrerådet 13.02.2019

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2018/2240	1983/2019	20180002	EINPLA/ SILOVR	19.02.2019

Melding om uttale frå møte i eldrerådet 13.02.2019

Vedtak:

RS 2/19 Varsel om oppstart av planarbeid – detaljregulering av Gbnr 41/ 42 m. fl. i Hareid kommune - PlanID 20180002

Eldrerådet sin uttale:
Frå området som er med i dette planarbeidet er det kort avstand til butikkar, sjukeheim, hurtigbåt/bussterminal og kontor/tenester i Hareid sentrum. Bustadane som blir bygde i området, vil vere attraktive for mange. Mellom desse vil det nok vere ein del eldre som ønsker seg ein ny bustad nær sentrum.
I åra som kjem vil talet på eldre i Hareid auke. Ein større del av gruppa vil vere personar som reknar med å bu i eigen bustad mange år framover. Nokre eldre vil ha ein økonomi som gjer at dei kan velje mellom bustadane som er til sals. For andre, kanskje ei stor gruppe, vil dei fleste bustadane nær sentrum vere for dyre.
Eldrerådet ser det som viktig at ein i eit så sentrumsnært område bygg bustadar som i areal og kostnad kan vere eit alternativ for mange eldre som ønsker å kjøpe ny bustad.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Hareid, 19.02.2019

Rett utskrift:

Sissel Nevstad
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

Dersom informasjon om klagegang skal følgje dokumentet klikk her, elles ta vekk denne teksta.